



Fylkesmannen i Hordaland

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/241 - 18/2408

Saksbehandlar:

Bente Karin Bø Taule

bente.bo.taule@radoy.kommune.no

Dato:

16.02.2018

Kartlegging av kommunen sitt tilbod innan helsefremmande og førbyggande helsetenester

Radøy kommune tek del i:

Interkommunalt samarbeid om kompetansebygging, læring- og mestringstenester i Region Nordhordland.

Vi har fått tilskot til etablering av tilbodet frå Fylkesmannen i Hordaland.

Viser til tidlegare innsendte rapport frå for 2016, og vi skal rapportere frå 2017.

Vi har tilbod om kvar vår og haust, frå hausten 2017 har vi tilbydd kurs på ettermiddag/kveld.

Radøy fysioterapi har gruppetilbod til pasientar med kols og lungesjukdom 2 gonger i året.

Radøy fysioterapi har gruppetilbod innan fallførebyggjande trening og balansetrening 2 gonger i året.

Radøy kommune har også 2 private fysikalske institutt med driftstilskot, som tilbyr trening og hjelp til livsstilsendring.

Radøy legesenter har 4 fastlegar og 2 turnuslegar tilsett. Vi har diabetessjukepleiar som har konsultasjonar og samarbeid med fastlegane i høve endring av levevaner for dei som har, eller står i fare for å utvikle diabetes.

Manger helsestasjon , med helsesøster og jordmor, har fokus på oppfølging av born som har eller står i fare for å utvikle overvekt, og har samarbeid med heimen, skule, barnehage, helsestasjonslege, fastlege, og spesialisthelsetenesta.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Radøy kommune har tilsett ungdomskordinater, som har tilbud om aktivitetar for ungdom frå 8. klassetrinn.

Radøy kommune har frivillighetsentral, som har aktivitetsstilbod hovudsakleg til eldre.

I desse dagar arbeider Radøy med Kommunedelplan Helse og omsorg, som skal ut på høyring i april. Vi har i forslaget lagt vekt på kvardagsmeistring, tidleg innsats og samarbeid på tvers av einingane til beste for innbyggjarane.

Eg legg ved plakaten for neste interkommunale kurs her:

læring : meistring

Saman for betre helse i Nordhordland

Livsstilsending-meistring av eiga helse

Kursstad: Nordhordlandshallen, Knarvik



For deg som har eller står i fare for å utvikle livsstilssjukdom som til dømes diabetes type 2, overvekt, hjarte-/karsjukdom.

**Dette er eit interkommunalttilbod over 3 månader, med følgjande kursdatoar :Torsdag 22.02.18, Onsdag 28.02.18
Torsdag 15.03.18 ,Onsdag 11.04.18, Onsdag 25.04.18
Onsdag 30.05.18
Tid: 17.00-20.00**

Kurset vert leia av helsepersonell og brukarrepresentant.
Tema vert smart mat for betre helse, aktivitet, gode verktøy for å lukkast med endring av livsstil og leve godt med eigne helseutfordringar. Teoridel, mat og lettaktivitet kvar kurskveld.

Påmelding : innan 09.02.18
På e-post : post.lms@sing.no
Eller SMS/RING : 40910488 mellom kl 0930-1330,
Kursavgift kr 500,- Dette inkluderar mat, kaffi/te og kursmateriell.
Fastlegen din har fått informasjon og kan også tilvise deg .



Med helsing

Bente Karin Bø Taule
leiar helsehuset

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Fylkesmannen i Hordaland